



LITUN GNR./BNR. 35/1, OSTERØY KOMMUNE - ERKLÆRING OM AUTOMATISK FREDA BYGGVERK

I medhald av lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kml) § 4 tredje ledd er erklært ståande byggverk med opphav frå perioden 1537–1649 automatisk freda, dersom ikkje anna er bestemt.

Etter forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven, § 1 nr. 1, er Riksantikvaren rett mynde til å gje slik erklæring.


Riksantikvaren erklærer med dette at følgjande byggverk på Litun, gnr./bnr. 35/1, Osterøy kommune, har opphav frå perioden 1537–1649 og er automatisk freda:

- Løe, bygningsnr. 175886826 (Askeladden-ID 211637-1)

Fredingsomfang

Fredinga omfattar byggverkets eksteriør og interiør, inkludert fast inventar.

Fredinga omfattar i tillegg ei sikringssone på 5 meter rekna frå byggverkets ytterkant, jf. kml § 6 andre ledd.



Følgjer av fredinga

Kml § 15 fjerde ledd skal etter kml § 4 tredje ledd nyttast tilsvarande for automatisk freda byggverk frå perioden 1537–1649. Her heiter det at dersom det ikkje er gjeve nærare reglar om fredinga sitt innhald, må ingen rive, flytte, påbygge, endre, forandre materialar eller farger eller foreta andre endringar som går lenger enn vanleg vedlikehald. Dette omfattar også fast inventar.

Vanleg vedlikehald skal skje i samsvar med opphavelog eller eksisterande teknikk, utføring og materialbruk og på ein måte som ikkje reduserer arkitektoniske eller kulturhistoriske verdiar. Oppstår det tvil om kva som kan sjåast som vanleg vedlikehald, skal ein kontakta fylkeskommunen.

Etter kml § 4 tredje ledd, jf. § 15a, kan det i særlege tilfelle gjevast dispensasjon for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet. Etter forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven, § 12 nr. 2, er mynde til å gje slik dispensasjon delegert til fylkeskommunen.

Alt vedlikehald av freda bygningar skal så langt som mogleg skje i samsvar med opphavelog utføring, teknikk og materialbruk. Det grunnleggande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å bevare mest mogleg av opphavelog eller eldre bygningselement som konstruksjon, kledning, vindauge, dører, listverk, gerikter og overflater og overflatehandsaming.

Det er eigar som har ansvar for det jamlege vedlikehaldet av freda bygningar. Det er høve til å søke fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsettingsarbeider.

Tinglysing

Fredinga blir tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kml § 5.

Oslo, 15. august 2016

Jørn Holme